

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Daglig leiar i Kraftfylka, Niklas Kalvø Tessem orienterte om inntekter frå kraftproduksjon.

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A i samband med RS 17/19 fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Ber administrasjonen koma attende med ei sak om korleis Hordaland kan nytta medlemskapet og samarbeidet i Nordsjøkommisjonen og CPMR i viktige saker for fylket. Jamfør verbalforslag i budsjettvedtak.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt fylkesrådmannen utan realitetsbehandling.